

Oktober 2024

# Det skjer

## Kultur





## Strikk deg glad

### Strikkekafè med Sukkerklumpane



Måndag 30. 9 og 28. 10 kl. 10:00  
Knarvik Frivilligentral  
Kvernhusmyrane 20

Strikk deg glad saman med andre!  
Alle kan vere med.

Vi treng alle noko å halde på med, noko  
å fylle dagen med og nokon å vere sa-  
man med.

Denne koselige gjengen har det trivelig  
med gode historier, utveksling av nyhen-  
de, god prat, strikk og tips, gratis kaffe og  
kjeks. Det kan hende at dagleg leiar av  
Frivilligentralen bryt inn i samlinga med  
noko som kan vere nyttig og kjekt for  
gruppa. Kven veit.....



### Fikselloftet med NH Husflidslag



Annakvar tysdag:  
1. okt, 15. okt & 29. okt kl. 18-20  
Frivilligentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Fikselloftet med NH Husflidslag.  
Ta med klede du vil reparere,  
handarbeid eller syprosjekt.

Her kan du sy, hekle, strikke eller brodere.  
Vi har symaskiner du kan bruke og  
vi hjelper etter behov.

Fikselloftet er ope for alle, uansett  
ferdigheitsnivå. Gratis arrangement.

Tysdagar kl. 18-20 i partalsveker.



Alver bibliotek, Alver frivilligsentralar og Ung Alver inviterer til

# KLESBYTEDAG & KLESFIKSEVERKSTAD

Måndag 30. september kl. 17

Biblioteket i Knarvik

2. etasje AMFI Knarvik

Tysdag 1. oktober kl. 17

Biblioteket i Knarvik

2. etasje AMFI Knarvik

Onsdag 2. oktober kl. 17

Manger bibliotek

Idrettsvegen 15

Arrangør: Alver bibliotek, Alver

frivilligsentralar og Ung Alver,

Naturvernforbundet Nordhordland

KLESBYTEDAG - Forny garderoben på ein miljøvennleg måte!

Kom på klesbytedag og finn nye skattar! Ta med inntil 7 reine plagg i god stand – for kvart plagg du leverer, får du ein klesbytelapp som du kan bruka til å velja deg noko nytt.

KLESFIKSEVERKSTED – Gi kleda dine nytt liv! Har du klede som treng ein liten reparasjon eller som du vil gjera om til noko nytt? På klesfikseverkstaden hjelper me deg! Me har folk med sy erfaring, symaskiner, stoff og alt du treng for å komma i gang. Me byr på kaffi, te og noko attåt, så du kan slå deg ned og kosa deg medan du får fiksa garderoben din!



## Språkkafé



Kvar tysdag- 1.10, 8.10, 15.10, 22.10 & 29.10 kl. 12:15 Biblioteket i Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

På språkkafeen snakkar vi norsk saman over ein kopp te eller kaffi, og diskuterer ulike tema. Tilbodet er gratis og for vaksne. Alle er velkommne same kor mykje eller lite norsk du kan.

At the language café, we speak Norwegian together over a cup of tea or coffee and discuss various topics. The offer is free and for adults. Everyone is welcome, regardless of how much or little Norwegian you know.

## Ope stove i Prestegarden



Kvar tysdag:  
1.10, 8.10, 15.10, 22.10 & 29.10  
kl. 11 Prestegarden, Manger

Formiddagstreff kvar tysdag  
kl. 11-14 i Prestegardsstova.

Me møtast til ein kopp kaffi, laus prat og drøs med sambygdingar.

Kom og gå som det passar deg, her er det uformell stemning - alle er velkomne! Arrangementet er gratis.






## Bok- og strikkecaf 



Annakvar tysdag i partalsveker  
kl. 12:00: 1.10, 15.10 & 29.10  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Ta med deg eit handarbeid, og møt opp.  
Me serverer kaffi, te og boktips.

Det er kun trappetilgong p  frivilligloftet.  
Arrangementet er gratis.



# SLEKTA MI

## Slekta mi i Knarvik Frivilligsentral



Tysdag 1. 10 kl. 13  
Knarvik frivilligsentral  
Kvernhusmyrane 20

Knarvik Frivilligsentral samarbeider  
med Lind s sogelag og Lind s bygdbok  
-nemnd om temaet slektshistorie.

Vi inviterer til opne samlingar f rste  
tysdag i m naden, kl. 13-15.

Tur til Krohnstad hovedg rd 4. sep med  
oppm te kl 18 i Knarvik Frivilligsentral.  
P meling.

# GANGLAJE HAUSTPROGRAM 2024

Dato:	Tur:	Turleiar:	Grad:	
21.aug.	Baugfjellet. Rundtur frå Salbukletten.	Maren Fosse Erstad & Steinar Erstad	**	Kvar onsdag klokka 10.30. Oppmøte ved Meland Aktiv.
28.aug.	Båt til Ypsø. 300kr inkluderar reise frå lo-kaien, grilling, kaffe, tur og omvisning. Påmelding: Arve tlf. 90154614, eller Randi tlf. 45225193. Maks 25 personar. Alternativt tur til Eie.	Arve Dale & Randi Hilland  Jan Sleire & Randi Iden	*	Vi har gradert turane med stjerner: * Lett ** Middels *** Krev litt meir
4.sept.	Båt til Ypsø. 300kr inkluderar reise frå lo-kaien, grilling, kaffe, tur og omvisning. Påmelding: Arve tlf. 90154614, eller Randi tlf. 45225193. Maks 25 personar. Alternativt tur til Eie.	Jan Sleire & Randi Iden  Arve Dale & Randi Hilland	*	Program finn du i resepsjonen på kommunehuset på Frekhaug og Frekhaug frivilligsentral si Facebookside og nettside: frekhaug.frivilligsentral.no
11.sept.	Hestnesåsen og Eie. Rundtur.	Randi Hilland & Solveig Holmedal	**	
18.sept.	Husfjellet	Stine Eikefet	**	
25.sept.	Fossdalen - Slettåsen.	Roy Carlsen & Torhild Carlsen	**	
2.okt.	Bergfjordfjellet. Rundtur.	Jess Holmboe-Erichsen & Randi Holsen	***	
9.okt.	Myrtvæit - Gripalasset.	Sigurd Knudsen & Asbjørn Gripsgård	**	
16.okt.	Håøy.	Anne Britt Skår Hopland & Torill Alice Hjertås	** (*)	Hugs på: Turen skjer på eige ansvar. Du må sjølv vurdere om du er i stand til å gjennomføre turen. Det er inga skam å snu!
23.okt.	Skinntveitmarka. Rundtur.	Jess Holmboe-Erichsen & Randi Holsen	**	Ta med 20,- til eventuell bilskiss, 30,- dersom ein må passere bompengestasjon. Dersom därleg vær kan turen bli endra av turleiar.
30.okt.	Brakstad - Brakstadneset.	Anne Britt Skår Hopland & Torill Alice Hjertås	** (*)	Ver venleg - ikkje ta med hund!



## Ganglaje



Kvar onsdag: 2.10, 9.10, 16.10,  
23.10 & 30.10 kl. 10.30  
Frammøte ved Meland Aktiv.

Ganglaje går onsdagsturar i perioden mars - juni og august - oktober.

Turane har turleiar og er gradert med stjerner. Alle kan vera med, men du må sjølv vurdera om du er i stand til å gjennomføre turen.

Ganglaje går tur kvar onsdag.



## Onsdagstreff



Onsdagsdagar kl. 16-18:  
2.10, 9.10, 16.10, 23.10 & 30.10  
Frivilligentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Velkommen til Onsdagstreff på Frivilligloftet

Har du lyst å gjer noko praktisk kan du vera med på ulike dugnadsoppgåver saman med andre, eller du kan slappe av og ta ein kaffi!

Kom innom onsdagar mellom kl.16 - 18.



## Spikking



Torsdagar kl. 10-12:  
3.10, 10.10, 17.10, 24.10 & 31.10  
Frivilligentralen Frekhaug  
kontaineren, Havnevegen 45

Spikking og kaffi i kontaineren bak Frivilligentralen Frekhaug.

Det vert spikking, pussing, kaffi og prat om laust og fast.

Me har det du treng av verktøy.  
Det er berre å møte opp.  
Rom for alle som vil prøve. Gratis.  
Spikking & kaffi i kontaineren. Oppstart torsdag 5.september kl. 10-12.



## Bridge på biblioteket i Knarvik



Kvar torsdag kl. 11:00:  
3.10, 10.10, 17.10, 24.10 & 31.10  
Biblioteket i Knarvik, AMFI Knarvik

Kjekt å spela kort- No kan du spela bridge på dagtid i Knarvik!  
No har du høve til å møtast for eit sosialt og spennande spel kvar torsdag kl. 11-13 på Knarvik bibliotek. Her kan du treffa andre, læra noko nytt, og halda hjernen aktiv – noko som er viktig, uansett alder! Bridge er eit strategisk kortspel som blir spelt med fire spelarar, der ein speler på lag to og to. Det handlar om samarbeid, taktikk og god kommunikasjon med makkeren sin. Lettservering!



## Torsdagsmiddag



Kvar torsdag kl. 13:00  
3.10, 10.10, 17.10, 24.10 & 31.10  
Prestegården, Manger

Vil du treffa andre og eta middag ilag? Då er du velkommen til middag hjå oss!

Vi serverer heimelaga middag med dessert og kaffi. Middag serverast kl. 13:00, og du kan bestille fram til kl. 11 same dag. Ring Manger frivilligsentral på tlf 45327048.

Pris kr 120,- kan betalast kontant eller med vipps. Velkommen.



## Natteravnene på Frekhaug



Fredagar  
Frivilligentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Natteravnane på Frekhaug går kvar fredag for å vera til stades der ungdommane oppheld seg og bidra til tryggleik i lokalmiljøet.

Meld deg inn i FB-gruppa  
“Natteravnene på Frekhaug”  
for info om du vil vere med å gå.



## Sjakk



Sjakk på biblioteket i Knarvik  
Annakvar laurdag kl. 12:00:  
5.10, 19.10 & 2.11  
2. etasje AMFI Knarvik

Bli med på sjakk på biblioteket, der du kan møte andre som deler di interesse for det klassiske spelet. Vi set fram sjakkbrett og sjakk-klokker, så alt du treng å ta med er speleferdigheita di.

Arrangementet er heilt gratis og ope for alle, uansett alder eller nivå. Her kan du møte både erfarte sjakkspelarar og nybyrjarar som ønskjer å lære meir om spelet. Vi tilbyr også enkel servering, slik at du kan ta ein liten pause mellom spela og slå av ein prat med andre deltakrar.



# Barnelaurdagar

-Biblioteket i Knarvik, på Frekhaug og Manger



## Hobbyverkstad: Maleverkstad

**LAURDAG 5. OKTOBER KL. 11- 15**

Sjølvgåande maleverkstad der ein kan mala bilete med vassfargar. Me set fram utstyr.  
Passar frå ca. 3 år.



## Hobbyverkstad: Monsterverkstad

**LAURDAG 12. OKTOBER KL. 11- 15**

Monsterverkstad- Kom og lag monster på biblioteket! Sjølvgåande hobbyverkstad.  
Passar frå 4 år og oppover.



## Hobbyverkstad: Halloween

**LAURDAG 19. OKTOBER KL. 11- 15**

Sjølvgåande halloweenverkstad!  
Kom og lag noko fint av ulike materiale.  
Passar frå ca. 3 år.



## Hobbyverkstad: Halloween

**LAURDAG 26. OKTOBER KL. 11- 15**

Sjølvgåande halloweenverkstad!  
Kom og lag noko fint av ulike materiale.  
Passar frå ca. 3 år.



## Hobbyverkstad: Piratdag

**LAURDAG 2. NOVEMBER KL. 11- 15**

Teikne, klipp og limverkstad der ein kan dekorera si eiga pirathatt eller piratmaske. Passar frå 3 år og oppover.





## Haustferien på Alver bibliotek ✨ \*



Måndag 7. oktober kl. 11-15

### TEIKNESERIEVERKSTAD

Biblioteket i Knarvik

Måndag 7. oktober kl. 12-14

### AKVARELLVERKSTAD

Biblioteket i Knarvik

Tysdag 8. oktober kl. 11-15

### HOBBYVERKSTAD- FILT

Biblioteket: Knarvik & Manger

Onsdag 9. oktober kl. 11-15

### PERLEVERKSTAD

Biblioteket i Knarvik

Fredag 10. oktober kl. 11-15

### BRETTSPELDAG

Biblioteket i Knarvik



## Haustferien på Alver bibliotek

### MANGAKURS

Onsdag 9. oktober kl. 13-15

## MANGAKURS!





BARN I 5-7 KLASSE ER INVITERT TIL Å BLI STUDENTAR  
I ALVER BIBLIOTEK SITT MAGISKE AKADEMI.



DET VIL OGSÅ VERE MOGLEGHEIT Å LAGA SIN  
EIGEN TRYLLESTAV OG ELKEKSIR-ARMBAND.

BIBLIOTEKET PÅ KNARVIK  
TORSDAG 10. OKTOBER 11.00-13.30  
PÅMELDING TIL [BIBLIOTEK@ALVER.KOMMUNE.NO](mailto:BIBLIOTEK@ALVER.KOMMUNE.NO)  
(OBS! BEGRENSA PLASSER)



# OPEN HALL HAUSTFERIEN

**Ung alver arrangerar open hall i  
haustferien.**

Opningstid alle dagar OPEN HALL:

**Kl. 12.00–17.00**

Alle aldre.

Born under 5.klasse i følgje med voksen.

Kiosk

Ulike aktivitetar i hallane

Eigen barneavdeling 0–6år

## LINDÅSHALLEN

Måndag 7. oktober

Tysdag 8. oktober

**Kl.12.00–17.00**

## RADØYHALLEN

Onsdag 9.oktober

Torsdag 10.oktober

**Kl.12.00–17.00**

## NORDHORDLANDSHALLEN

Onsdag 9.oktober

Torsdag 10.oktober



Open hall Lindåshallen

måndag 7. oktober og tysdag 8. oktober klokka 12.00-17.00

Adresse: Veråsvegen 9, 5955 Lindås

Open hall Radøyhallen


onsdag 9. oktober og torsdag 10. oktober klokka 12.00-17.00

Adresse: Irdettsvegen 13, 5936 Manger

Open hall Nordhordlandshallen

onsdag 9. oktober og torsdag 10. oktober klokka 12.00-17.00

Adresse: Juvikstølen 25, 5916 Isdalstø



Påmelding dansekurs. Hip-Hop med Olivia og Celina



Måndag 7. oktober  
Hip-Hop kurs med Celina&Olivia

kl.12.00-15.00

Alder: 5-7.kl

Stad: Alverhallen

Tal plassar: 25stk

Påmelding opnar 16.09 og stenger 30.09



## Hip Hop dansekurs med Celina&Olivia måndag 7. oktober

- Alverhallen, klokka 12.00-15.00.
- Alder: 5.-7. klasse
- Antall plassar: 25
- Påmeldinga opnar 16. september og stenger 30. september
- [Påmeldingslenke](#):

# SKATEDAG SAGSTAD

FREDAG 11.OKTOBER

Ung Alver og BUA arrangerer skatedag i fysakhallen på Sagstad skule.



kL.11.00-15.00

For alle.

Born under 5.klasse i  
følge med voksen.  
instruktørar frå  
Bergen skatebordklubb.



UNG ALVER



## Skatedag på Sagstad fredag 11. oktober

- Klokka 11.00-15.00
- Utstyr kan du låne der av BUA.
- Det kjem instruktørar frå Bergens skatebordklubb.
- Samarbeid med BUA.
- Adresse: Sagstadvegen 76, 5919 Frekhaug



# UNG ALVER

## **Knarvik Ungdomsklubb**

Adresse: Kvernhusmyrane 8, Inngang A

Knarvik ungdomsklubb

Opningstid måndagar: 12.00-17.00

Datoar måndagar:

14.oktober, 21.oktober, 28.oktober

Opningstid tysdagar: 14.30-17.00

Datoar tysdagar:

1.oktober. markering verdensdagen for psykisk helse,

15.oktober, 22.oktober, 29.oktober

Alder: 8.kl-3vgs



## **Lindås Ungdomsklubb**

Adresse: Lindåshallen, Sekundaær fylkesveg 400

Lindås ungdomsklubb

Opningstid tysdagar: 14.30-20.00

Datoar:

1.oktober: ungdomsklubb, markering for verdensdagen for psykisk helse, klesnyttedag og redesignverkstad.

7.oktober Open hall – Opningstid 12.00-17.00

8.oktober Open hall – opningstid 12.00-17.00

15.oktober, 22.oktober, 29.oktober

## **Juniorklubb**

Juniorklubb på Lindås ungdomsklubb i Lindåshallen.

Halloweentema

Dato: 28.oktober

Kl. 14.30-17.00

Alder: 5-7.kl

Adresse: Veråsvegen 9, 5955 Lindås



# UNG ALVER



## Radøy Ungdomsklubb

Opningstider torsdagar 14.30-20.00

Datoar:

3.oktober - markering verdensdagen for psykisk helse

9.oktober - open hall kl. 12.00-17.00

10.oktober- open hall kl. 12.00-17.00

17.oktober, 24.oktober, 31.oktober

Alder: 8.kl-3vgs



## Entry Ungdomsklubb

Adresse: Eidavegen 532, Ostereidet

Opningstid onsdag 14.30-20.00

Datoar:

2.oktober - verdensdagen for psykisk helse

16.oktober, 23.oktober, 30. Oktober

Alder: 8.kl-3vgs



## Frekhaug Ungdomsklubb

Opningstid onsdagar 14.30-20.00

Datoar:

3.oktober- markering verdens dagen for psykisk helse

16.oktober

Fredag 18.oktober-

open scene/nynorskdagar klokka 18.00-23.00

23.oktober, 30.oktober

Alder: 8.kl-3vgs

Det skjer



## Dungeons & Dragons



Annakvar torsdag oddetals veke  
10.10, 24.10 og 7.11 kl. 15 - 17  
på biblioteket i Knarvik,  
2. etasje AMFI Knarvik

Dungeons & Dragons: Det legendariske rollespelet som først såg dagens lys på starten av 70-tallet, og som i dei seinare åra har fått ein renessanse i moderne populærkultur, som i seriane The Big Bang Theory og Stranger Things.

No kan du spela Dungeons & Dragons på biblioteket. Nybegynnalar såvel som meir erfarne spelarar er velkomne til å delta. Ein frå biblioteket er "Dungeon Master" og vil leia spelet.

**MAGIC**  
THE GATHERING

Et spennende kortspill hvor man tar rollen som en mektig Planeswalker som tilkaller fryktinngytende skapninger og bruker kraftig magi i sin kamp mot andre Planeswalkere.

Spillet er på engelsk og anbefalt aldersgrense er 13 år, men folk i alle aldre er velkommen. Om du ikke har spilt før har vi erfarene spillere som gjerne lærer deg spillet. Du kan gjerne ta med egne kort, men om du ikke har kort kan du låne av oss.

Tysdagar kl. 16:30

## Magic the gathering



Kva tysdag kl. 16:30  
1.10, 8.10, 15.10, 22.10 & 29.10  
2. etasje Lindåshallen

Saman med Nordhordland brettspel-klubb inviterer biblioteket til Magic: The Gathering-speling i Mediateket, 2. etasje i Lindåshallen, kvar tysdag frå kl. 16:30. Bli med på spennande kampar og strategisk tenking som set både hovudet og kreativiteten på prøve! Du treng ikkje eigne kort for å bli med – me har kortstokkar klare til deg. Men om du har dine eigne, så ta dei med. Dette er eit gratis tilbod ope for alle.



## Data for seniorar

### Seniordata



#### Seniordata- Lindåshallen

Annakvar tysdag kl. 11:  
8.10 og 22.10

#### Seniordata-Knarvik frivilligsentral

Kvernhusmyrane 20  
Kvar torsdag kl. 11:  
3.10, 10.10, 17.10, 24.10, 31.10

Dette er for deg som er senior og vil lære meir om data, mobiltelefon og nettbrett. Instruktørar hjelper deg frå kl. 11-13 torsdag i Knarvik (oppstart 12 sept) og annakvar tysdag på Lindås (oppstart 10 sept). Vi snakker om utfordringa seniorar har i det digitaliserte samfunnet i dag.




### Shared reading



Tysdag 8. oktober kl. 12:00  
Frivilligsentralen Frekhaug  
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Har du lyst til å oppleva litteratur på ein heilt ny måte? Bli med på Shared Reading, der vi les høgt saman – anten det er ei novelle, eit utdrag eller eit dikt – og deler våre tankar rundt teksten. Ein bibliotekar vil leia oss gjennom denne hyggelege stunden.

Vi tar for oss gleden ved å lesa og om å dela den opplevinga i fellesskap. Du bestemmer sjølv kor mykje du vil bidra, eller om du berre vil sitja med ein kopp kaffi og lytta. Lett servering.



## DANIEL GETANEH HATLAND

Fortalt til Siri Gjelsvik

### Foredrag med Daniel Getaneh Hatland



Torsdag 10. oktober kl. 18:00  
biblioteket i Knarvik,  
2. etasje AMFI Knarvik

Daniel Getaneh Hatland er adoptert fra Etiopia, og voks opp på Ostereidet i Nordhordland. Som fotballspelar vart han utsett for mykje rasisme. Som 29-åring snakka han i 2020 for aller første gong offentleg om dette. I september gav han ut boka "Kampen for tilhøyrsel" er Daniels forteljing om oppveksten i Noreg. Dei siste åra har Daniel halde hundrevis av foredrag om rasisme og tilhøyrsel, over heile landet. Denne kvelden er han på heimebane. Få med deg dette viktige foredraget!



### Bli med på kviss på biblioteket!



Måndag 14. oktober kl. 19:00  
på Manger bibliotek  
Idrettsvegen 15

Er du klar til å teste kunnskapene dine og ha det gøy samstundes? Bli med på ein spanande og morosam kviss-kveld på biblioteket. Vi set saman ein underfundig kviss med eit breitt utval av tema – her blir det noko for alle, uansett kva du er interessert i!

Vi byr på kaffi, te, og litt lett servering, slik at du kan nyte noko godt medan du konkurrerer med og mot andre. Kvissen er heilt gratis og open for alle – det viktigaste er å ha det hyggeleg saman.

## Babytreff på biblioteket i Knarvik



Annakvar måndag: 21.10 & 4.11  
kl. 11-13, Biblioteket Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

Velkomne til ein koseleg og sosial møteplass for heile familien.

På biblioteket i Knarvik inviterer vi til litterært babytreff annan kvar måndag frå kl. 11 til 13. Her kan de bli med på song og lesing, medan vi delar tips om gode bøker for både små og store.

Vi tilbyr også enkel servering, så de kan nyta ein kopp kaffi medan de knyter nye band med andre foreldre og born. Dette er ein perfekt stad for å kose seg med dei minste i eit trygt og triveleg miljø. Velkomne til store og små!



## BTB konsert på biblioteket



Torsdag 31. oktober kl. 14  
Biblioteket Knarvik  
2. etasje AMFI Knarvik

Velkommen til ein hyggjeleg formiddagskonsert med BTB – Bandet til Bestefar!

Bli med på ei koseleg stund på biblioteket i Knarvik, der BTB – Bandet til Bestefar – igjen tek scena med sitt varierte og kjende repertoar!

Bandet har spelt fleire gonger på biblioteket tidlegare, og kvar gong blir det stort sett fullt hus. Det blir ein herleg miks av opplesing, spel, og song – alt medan du kan nyta ein kopp te eller kaffi i hyggjeleg selskap.





## Forfattarsamtale Tormod Haugland



Torsdag 31. oktober kl. 18  
biblioteket i Knarvik,  
2. etasje AMFI Knarvik

Sosiolog og litteraturformidler Berit Bareksten i samtale med Tormod Haugland  
Dei tek for seg Tormod sine forfattskap  
og snakkar om hans siste bok *Sirenene* (2024).

Tormod Haugland debuterte med romanen *Under* i 1994, og har sidan gjeve ut romanar, noveller, dikt og dramatikk. Han har hausta strålande kritikkar for dei siste romanane sine, *Om dyr og syn*, *Om søvn og mørke* og *Om livet på jorda*. I 2021 var Tormod Haugland årets festspeldiktar ved Dei Litterære Festspela i Bergen.

An advertisement for BUA (Barnas Ungdomssenter) featuring two young girls riding skateboards. The girl on the left wears a pink helmet and a green t-shirt with 'BUA' on it. The girl on the right wears a black helmet with a spade symbol and a red t-shirt with 'BUA' on it. They are performing tricks on a ramp. The background is a park-like setting with trees. Text on the right side reads: 'Lån det du vil til sport, leik og friluftsliv Heilt gratis!' and the website 'www.bua.no'.



## VELKOMNE PÅ BIBLIOTEKET- OPNINGSTIDER:

Fredag : 11 - 15

Laurdag: 11 - 15

Meirope kvardagar 7-22,  
laurdag og sundag 7-20.

### **Manger**

Adresse: Idrettsvegen 15,  
5936 Manger

Måndag: 14 - 19

Tysdag: 11 - 15

Onsdag: 14 - 19

Torsdag og fredag: stengt

Laurdag: 11 - 15

### **Frekhaug**

Stengt pga. ombygging.

### **Lindås filial**

Adresse: Lindåshallen:  
Veråsvegen 9, 5955 Lindås

Måndag: 12 - 19

Ope for sjølvstyrт utlån  
når hallen er open.

### **Knarvik**

Adresse: Kvernhusmyrane 29,  
5914 ISDALSTØ

Måndag: 11 - 19

Tysdag: 11 - 15

Onsdag : 11 - 19

Torsdag: 14 - 19

[www.alverbibliotek.no](http://www.alverbibliotek.no)

@alverbibliotek



# Bygdekinoen



## 200 % Ulv - Pjokken i flokken 2



Søndag 13. oktober kl. 18.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Freddy trur han har det som skal til for å leia varulvflokken sin, men å vinna respekt frå flokken viser seg å vera ei utfordring. Han ynskjer berre å vera litt mer... ulvete. Når eit opprørsk ynskje gjer han om til ein varulv og slepp ein rampete måneånd laus på jorda, må Freddy gjenopprett den kosmiske orden før det er for seint!

Saman med Betty og sine hundevenner må Freddy må dei unngå å bli forvandla til var-padder, og om Freddy kan motstå freistinga til å brukta forboden jordmagi, kan dei kanskje senda ånden heim og redda verda.

Én ting er sikkert – Freddy vil aldri mer tvile på å være en puddel!

## Joker: Folie à Deux



Søndag 13. oktober kl. 20.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Frå den anerkjende manusforfatteren/regissøren/produsenten Todd Phillips kjem «Joker: Folie À Deux», den etterlengtea oppfølgjaren til den Oscar-vinnande «Joken» (2019).



I «Joker: Folie À Deux» er Arthur Fleck institusjonalisert på Arkham i påvente av rettssaken for lovbrota han gjorde som Joker. Medan han slit med den doble identiteten, snublar Arthur ikkje berre over ekte kjærleik, han finn òg musikken som alltid har vore inni han.



## Transformers One



Søndag 27. oktober kl. 18.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Ver vitne til ikoniske Optimus Primes opprinnning i ein ny animasjonsfilm i Transformers-serien.

Den ufortalde historien om opprinningsa til Optimus Prime og Megatron, i starten venner nære som brødre, men etter kvart kjent som bitre fiendar. Spliden deira utfordrar skjebnen til planeten Cybertron.



## Smile 2




Søndag 27. oktober kl. 20.00  
Kommunehuset på Manger,  
Radøyvegen 1690

Oppfølgjaren til megasuksessen frå 2022.  
Tør du smila igjen?

Smile tok verda med storm i 2022, og i oppfølgjaren møter me popstjerna Skye Riley (Naomi Scott) som lever eit turbulent liv i rampelyset. Etter å ha bevitna ein venns død, vert ho terrorisert av ei overnaturleg kraft som har hekta seg på henne. Episodar med fryktelege syn vert forverra for kvar dag som går, og Skye må ta eit risikabelt oppgjer med fenomenet for å overleva.



**Qr-koden - lenker til sida  
for billettsal.**



18 - 30 OKT 2024

# NYNORSKDAGANE

STEIN TORLEIF BJELLA

INGRID OLAVA & SANDRA KOLSTAD  
ENDRE OLSEN & HESTEHANDLARANE  
NABOEN MIN - MARIT EIKEMO  
JENS KIHL - ANDERS TOTLAND


Debattar  
Foredrag

Familiedagar  
Stadnamnvandringar

Ung Alver  
Open scene



ALVER KOMMUNE OG MÅLLAGA  
TICKETCO.NO - #ELSKARNYNORSK - ALVER.KOMMUNE.NO



# Program for Nynorskdagane

Dato	Kva	Kor
Fredag 18. oktober kl. 19	Endre Olsen & Hestehandlarane	Samfunnshuset Skogen på Sletta
Fredag 18. oktober kl. 18	Open scene for ungdom med Ung Alver	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Opning av Nynorskdagane	Kommunehuset på Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Internasjonal kafé	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Pop-up bibliotek: Hobbyverkstad og lesestund med biblioteket.	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 12	Ida Eva Neverdahl teikneserieverkstad	Meieriet, Frekhaug
Laurdag 19. oktober kl. 13	Nynorsk i mitt liv - innleiing og debatt ved Jens Kihl	Nordgardsløa, Frekhaug
Sundag 20. oktober kl. 12	Bornekoncert med Naboen min	Kommunehuset Manger & Meieriet, Frekhaug
Sundag 20. oktober kl. 13	Stadnamnvandring på Valle/ Mykletun med Alversund mållag. Turleiar er Jostein Mykletun og Johan Myking	Friluftsområdet i Vallevika
Måndag 21. oktober kl. 18	Foredrag: Gro Holm og andre kvinner i nynorsk litteratur med forfattar Jan Inge Sørbø og høgtlesning av Gro Holm ved Håvard Giezendanner	Biblioteket i Knarvik
Onsdag 23. oktober kl. 18	Marit Eikemo foredrag	Biblioteket i Knarvik
Torsdag 24. oktober kl. 19:30	Konsert: "Elv på himmelen" med Sandra Kolstad og Ingrid Olava	Meieriet, Frekhaug
Fredag 25. oktober kl. 19	Konsert: Stein Torleif Bjella	Samfunnshuset Haugatun, Lindås
Laurdag 26. oktober kl. 19	Improteater med kompani Aasen	Meieriet, Frekhaug
Sundag 27. oktober kl. 13	Stadnamnvandring på Isdal med Alversund mållag. Turleiarar er Kjersti Isdal og Johan Myking.	Parkeringsplassen ved Spar Isdalstø
Sundag 27. oktober kl. 13	Familiedag på Byngja med Radøy mållag	Dagsturhytta «Sjøbua»
Måndag 28. oktober kl. 12	Senioruniversitetet: Jan H. Landro: Kvifor fekk Jon Fosse Nobelprisen i litteratur, og kvifor nett i fjar?	Knarvik Misjonshus
Tysdag 29. oktober kl. 18	Forfattarsamtale Anders Totland	Manger bibliotek

**Meir info på [alver.kommune.no](http://alver.kommune.no).**



[alver.kommune.no/aktivitetskalender](http://alver.kommune.no/aktivitetskalender)